

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:  
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:  
Tal prenta vedlegg: 1  
Tal uprenta vedlegg: \*

## **Luftfart på Vestlandet Rutetilbod / rutestruktur og avgiftspolitik**

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

Vestlandsrådet ber Samferdsledepartementet om å opne for at dei ulike lufthamnene på Vestlandet kan få tilpassingar i avgiftene som kan stimulere til eit betra rutetilbod.

Det er ein føresetnad at dette blir gjort på ein måte som ikkje gjev ulike konkurransetilhøve i marknaden.

Prenta vedlegg:  
Brev frå Samferdsledepartementet datert 07.07.05: "Ambudsinvitasjon: Drift av regionale flyruter"

Uprenta vedlegg:

## **Saksframstilling**

### **Bakgrunn**

Vestlandsrådet handsama saka "Luftfart på Vestlandet – rapport frå Rogalandforskning" på møtet i juni i år. I vedtaket står det: "Vestlandsrådet ynskjer å kome med konkrete innspel til rutetilbod /rutestruktur og avgiftspolitikkk. Det må førebuast ei sak til neste møte på dette."

### **Rutestruktur /rutetilbod**

Samferdselsdepartementet lyste 07.07.05 ut anbod for drift av regionale flyruter i Norge. Fristen var 31.august. Val av flyselskap vil tidlegast skje 1. november, og den aktuelle perioden er frå 1.april 2006 til 31. mars 2009.

I alt er det lyst ut 19 ruteområde, 4 av desse er på Vestlandet:

Ruteområde 11	Florø – Oslo, Florø – Bergen
Ruteområde 12	Førde – Oslo, Førde – Bergen
Ruteområde 13	Sogndal – Oslo, Sogndal – Bergen
Ruteområde 14	Sandane – Oslo, Sandane – Bergen, Ørsta-Volda – Oslo, Ørsta-Volda - Bergen

Hovudutval for samferdsle i Sogn og Fjordane kom i sak 0036/04 med innspel til anbodsprosessen. Mellom anna sette dei fram krav om betre kapasitet på flyet om morgonen frå Sogndal, Sandane og Ørsta-Volda til Oslo. Det vart også sett krav om eit 6.fly med fast nattstasjonering i Sogndal. I dag er det ingen flyruter nordover mot Møre og Romsdal og Trondheim, og det vart gjeve innspel på endringar på dette. Det ser ut som anbodsinnbydinga stort sett legg opp til same ruteopplegg som i dag og med krav til same flytype som i dag. Innspela til endringar er det såleis ikkje teke omsyn til i denne anbodsutlysinga. Det kan nemnast som positivt at det vert stilt krav til selskapa om auka tilgjenge for rørslehemma og sosiale rabattar.

Anbodsutlysingane tek ikkje omsyn til dei innspela som er gjevne. Fylkesrådmannen meiner det nå er for seint å kome med fleire merknader /innspel, og vi må difor avvente resultatet av anbodsrunderen.

### **Avgiftspolitikkk**

Med unntak av Samferdsledepartementet sitt kjøp av bedriftsøkonomisk ulønsame lufthamntenester frå Avinor, er luftfarten brukarfinansiert. Internt i Avinor er det kryssubsidiering mellom bedriftsøkonomisk lønsame og bedriftsøkonomisk ulønsame lufthamner. Statlege styresmaker ynskjer å vidareføre ein politikk der luftfarten sin infrastruktur samla sett i stor grad vert finansiert gjennom brukarbetaling. Avinor får om lag to tredjedeler av sine inntekter gjennom dei ulike luftfartsavgiftene. Dei resterande inntektene er knytt til kommersielle inntekter, først og fremst parkering, utlege av areal og avgiftsfritt sal.

#### **Luftfartsavgifter:**

- Startavgift: Berekna ut frå startvekta til flyet. På flyplassar i Oppland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag (-Værnes), Nordland (-Bodø), Troms og Finnmark vert 70% av startavgifta betalt. Når neste landing er på ein utanlansk flyplass

kan Avinor gje 90% reduksjon på startavgifta. Denne ordninga har ein på Haugsund lufthamn, Kristiansund lufthamn, Molde lufthamn, Røros lufthamn, Harstad /Narvik lufthamn og Lakselv lufthamn.

- Terminalavgift: Avgift for kvar reisande og transfer passasjer ved start for dei flya som er tyngre enn 8000 kg.
- Sikkerheitsavgift: Fast avgift på kr 40,- for alle passasjerar.
- Underveisavgift: Avgift for dei luftfartsanlegg og /eller tenester som vert stilt til rådvelde for eigar eller brukar av luftfarttøy.
- Avisingsavgift

### **Fylkesrådmannen sin konklusjon /tilråding**

Innan for dagens organisering er det eit visst høve til å endre avgiftspolitikken. Fylkesrådmannen meiner vi såleis kan be Samferdsledepartementet om å opne for at dei ulike lufthamnene på Vestlandet kan få tilpassingar i avgiftene som kan stimulere til eit betra rutetilbod. Det er ein føresetnad at dette blir gjort på ein måte som ikkje gjev ulike konkurransetilhøve i marknaden.